



**Utval:** Ungdommens fylkesutval  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 11.04.2014  
**Tidspunkt:** 16:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Lars Helle Fauske	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Emma Franck-Gwinnell		

**Merknader**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingeborg Borgen	Rådgjevar
Takle	

**Sakliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 13/14	Godkjenning av innkalling		
PS 14/14	Godkjenning av sakliste		
PS 15/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 16/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 2/14	Møteplan for UFU - oppdatert	2014/560	
RS 3/14	Referat frå arbeidshelg, Ungdommesn fylkesutval, 300314	2014/560	
RS 4/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mars	2014/1527	

RS 5/14	Oversikt økonomi per 070414	2014/560
RS 6/14	Angående pc-ordning for TAF-elevar	2014/560
RS 7/14	Om ordensreglement – til opplæring- og helseutvalet	2014/560
RS 8/14	Fadderordning - oppfølging	2014/560
RS 9/14	Kollektivmeldinga 2013	2014/10805
RS 10/14	Svar på spørsmål frå fylkesutvalet - Ungdommens fylkesutval	2014/560
RS 11/14	Oppmaning til å kome med innspel til Klimaplanen - rullering	2014/560
RS 12/14	Førespurnad om samarbeid	2014/560
RS 13/14	Dialogdagen 2014 - oppsummering	2014/560
RS 14/14	Fagdagar Barn og unge si medverking i samfunnet	2014/560
RS 15/14	Invitasjon til ungdomsdebatt i jubileumsåret for Grunnlova	2014/560
RS 16/14	Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017	2014/5
PS 17/14	Kollektivstrategi - høyringsuttale	2014/560
PS 18/14	Rullering av Klimaplanen - høyringsuttale	2014/560
PS 19/14	LingClim - ungdom og klima i Hordaland	2014/560
PS 20/14	Aktiv ungdom-prosjekt med Aberdeen Youth Council	2014/560
PS 21/14	"Utenforskap og inkludering" - deltaking	2014/560
PS 22/14	Ymse	

#### PS 13/14 Godkjenning av innkalling

##### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

###### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting godkjente møteinnkallinga.

#### PS 14/14 Godkjenning av sakliste

##### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

###### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente saklista.

#### PS 15/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

##### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

###### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente møteboka frå arbeidshelga 28.-30. mars 2014.

#### PS 16/14 Referatsaker (Meldingar)

##### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

###### **Vedtak**

*RS 2/14 Møteplan for UFU – oppdatert:* Dei siste endringane er ikkje tekne med her og ein ny møteplan vert lagt ved som referatsak på neste møte. Angående 30. mai 2014 vert det diskutert nytt møtetidspunkt

grunna at denne fredagen er ein inneklemt dag (det er ein fridag på torsdagen). Administrasjonen kan heller ikkje delta på denne dagen. Det vart ikkje teke noko avgjerdsel i denne saka på møtet.

*RS 4/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 – pr mars:* Miljøprogram 2014 vert trekt fram som noko ein ønskjer å helde eit auge til.

*RS 5/14 Oversikt økonomi per 070414:* I hovudtrekk visar denne oversikta at Ungdommens fylkesutval har brukt 164 000 kr, fått inn 88 000 kr (i hovudsak eigenandel på Ungdommens fylkesting) og sit derfor igjen med 154 000 kr til resten av året.

*RS 8/14 Fadderordning – oppfølging:* Alle har vore i kontakt med sine kommunar og ungdomsråd som er veldig bra. Ungdommens fylkesutval vedtek at alle tek kontakt med kommunane og ungdomsråda ein gong til før sommaren der ein seier kva Ungdommens fylkesutval har jobba med og skal jobbe med framover. Administrasjonen skal forsøkje å finne kontaktinformasjon i Fedje.

*RS 10/14 – Svar på spørsmål frå fylkesutvalet – Ungdommens fylkesutval:* Ungdommens fylkesutval vedtek at dokumentet vert sendt til Opplæring- og helseutvalet og bedt lagt opp som ein referatsak i neste utvalsmøte.

*RS 14/14 Fagdag Barn og unge sin medverknad i utvikling av samfunnet:* Benedicte Hellestveit deltok på denne fagdagen som ein innleiar og fortalte om Ungdommens fylkesting.

*RS 15/14 Invitasjon til ungdomsdebatt i jubileumsåret for Grunnlova:* Ungdommens fylkesutval vedtok å sende inn eit opent brev til Jan Tore Sanner, i BT, der ein tek opp satsingsområda under Eigen organisasjon. Cecilie Fredheim skrive dette brevet. Ungdommens fylkesutval vedtok og at utvalet skal skrive innspel til BTbatt. Gard Johanson skriv ein artikkel om debatten til heimesida.

**RS 2/14 Møteplan for UFU - oppdatert**

**RS 3/14 Referat frå arbeidshelg, Ungdommens fylkesutval, 300314**

**RS 4/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mars**

**RS 5/14 Oversikt økonomi per 070414**

**RS 6/14 Angående pc-ordning for TAF-elevar**

**RS 7/14 Om ordensreglement – til opplæring- og helseutvalet**

**RS 8/14 Fadderordning - oppfølging**

**RS 9/14 Kollektivmeldinga 2013**

**RS 10/14 Svar på spørsmål frå fylkesutvalet - Ungdommens fylkesutval**

**RS 11/14 Oppmaning til å kome med innspel til Klimaplanen - rullering**

**RS 12/14 Førespurnad om samarbeid**

**RS 13/14 Dialogdagen 2014 - oppsummering**

**RS 14/14 Fagdag Barn og unge si medverking i samfunnet**

**RS 15/14 Invitasjon til ungdomsdebatt i jubileumsåret for Grunnlova**

**RS 16/14 Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017**

**PS 17/14 Kollektivstrategi - høyringsuttale**

**Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å kome med følgjande uttale:

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

Olve Akselsen, Samferdsel, sette fram slikt forslag til uttale til Kollektivstrategien:

«Me i Ungdommens Fylkesting stiller oss positiv til Kollektivstrategien, og er svært nøgd med «Skyss Vil samordne offentlig transport i tynt befolka område» sitt avsnitt der skuleskyss er førsteprioritet.»

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende slik uttale til Kollektivstrategien:

Me i Ungdommens Fylkesting stiller oss positiv til Kollektivstrategien, og er svært nøgd med «Skyss Vil samordne offentlig transport i tynt befolka område» sitt avsnitt der skuleskyss er førsteprioritet.

## **PS 18/14 Rullering av Klimaplanen - høyringsuttale**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende slik høyringsuttale til rullering av Klimaplanen i Hordaland fylkeskommune:

Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Klimaplanen.

Vi ønskjer å kommentere nokon emnar, som står skrevet i Klimaplanen Hordaland.

Vi viser til punkt nummer 5.1.2 Kollektivtransport.

Her er det nemnt at Skyss vil auke kollektivtransporten i kollektivsystemet, få bussene raskare fram gjennom by området. Det vi ønskjer å leggja til, er at det ikkje er nemnt noko om ungdom og transport midlane dei brukar, til og frå fritidsaktivitetar. Kollektivtransporten bør vere attraktiv for ungdom.

Vi viser til punkt 5.1.2 Reisemiddelfordeling.

Det er her nemnt at målet er at det skal vere attraktivt for fleire å gå meir. Så det vi ønskjer å leggja til, er at det blir til rette lagt betre gangfelt og fortau. Med dette ønskjer vi at gamle slitte fortau blir betre stelt, eller fiksa, og gangfelt blir opphøgd eller flyttet til tryggare plasser.

Ungdommens fylkesting ønskjer å få tilrettelagt betre og tryggare skulevegar.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende slik uttale til Klimaplanen, etter språkvask:

Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Klimaplanen.

Vi ønskjer å kommentere nokon emnar, som står skrevet i Klimaplanen Hordaland.

Vi viser til punkt nummer 5.1.2 Kollektivtransport.

Her er det nemnt at Skyss vil auke kollektivtransporten i kollektivsystemet, få bussene raskare fram gjennom by området. Det vi ønskjer å leggja til, er at det ikkje er nemnt noko om ungdom og transport midlane dei brukar, til og frå fritidsaktivitetar. Kollektivtransporten bør vere attraktiv for ungdom.

Vi viser til punkt 5.1.2 Reisemiddelfordeling.

Det er her nemnt at målet er at det skal vere attraktivt for fleire å gå meir. Så det vi ønskjer å leggja til, er at det blir til rette lagt betre gangfelt og fortau. Med dette ønskjer vi at gamle slitte fortau blir betre stelt, eller fiksa, og gangfelt blir opphøgd eller flyttet til tryggare plasser.

Ungdommens fylkesting ønskjer å få tilrettelagt betre og tryggare skulevegar.

## **PS 19/14 LingClim - ungdom og klima i Hordaland**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

## **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å invitere LingClim til neste møte for å orientere utvalet om prosjektet.

## **PS 20/14 Aktiv ungdom-prosjekt med Aberdeen Youth Council**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

## **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval er interessert i den type forslag som vart lagt føre frå Ungdomspanelet i Møre og Romsdal. Cecilie Fredheim vil kontakte Asgeir som er involvert i prosjektet.

## **PS 21/14 "Utenforskap og inkludering" - deltaking**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek at følgjande medlemar deltek på seminaret «Utenforskap og inkludering»:

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

## **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek at følgjande medlemar deltek på seminaret «Utenforskap og inkludering»: Vegard Kleppe og Emma Franck-Gwinnell.

## **PS 22/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 11.04.2014**

*Studietur Erasmus+:* Rådgjevar Ingeborg Borgen Takle har lagt fram eit forslag om ein felles studietur for dei tre medverknadsorgana i Hordaland fylkeskommune, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Fylkeseldrerådet og Ungdommens fylkesutval. Dette slik at ein kan knytte band på tvers av råda og utvala, lære av kvarandre og sjå om det er sakar ein kan samarbeide om, samt sjå korleis ein driv med medverknad i andre land. Frist for søknad er mars 2015 og reisa må da vere avvikla innan mai 2017. Dei to andre medverknadsorgana er positive til prosjektet.

*Middag i samband med Grunnlovsjubileumet:* Alle faste medlemar i Ungdommens fylkesutval er invitert til denne middagen. Ein del treng overnatting da dei ikkje kjem seg heim igjen på same dagen.

*Elev- og lærlingombod:* På møtet i Opplæring- og helseutvalet, 08.04.14, vart elev- og lærlingeombod diskutert under saka PS 21/2014 Forvaltningsreisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune – revisjonsrapport. Arbeidarpartiet, ved Rasmus Rasmussen, fremma at det burde vere elev- og lærlingombod, og ikkje berre lærlingeombod, som vart nemnt i teksten. Dette fekk støtte og utvalet innstilte derfor at ein skal: «Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning». Det er planlagt at planen skal vere ferdig innan 30.06.14, og at iverksetting av tiltak skal skje frå 2015. Det betyr ikkje at fylkeskommunen kjem til opprette eit slikt ombod, men berre at dei skal kartlegge om det kan vere føremålstenleg. Elevorganisasjonen har elev- og lærlingombod som eit at sine prioriterte arbeidsområdar i år.

*Nettverkssamling 2014:* Vi har fått inn tilbod frå Quality Hotel Edvard Grieg til 25.-26. oktober 2014. Når ein reknar med dei midlane Ungdommens fylkesting har budsjettert til nettverkssamlinga, samt kostnadane ved hotellet vil ein eigenandel per person ligge på ca 1 800 kr. Arbeidet med program er allereie starta.

*T-skjortar til Ungdommens fylkesutval:* Ungdommens fylkesutval treng t-skjortar som ein kan bruke når ein representerer Ungdommens fylkesutval i ulike situasjonar. Tess sendte eit utval t-skjortar som utvalet fekk sjå igjennom på møtet. Logo til Ungdommens fylkesting skal vere på brystet og setninga: «Ungdom utviklar Hordaland vidare.» på ryggen.

*Brev frå Ungdommens fylkesutval:* Under referatsakar finn ein mange brev som er sendt frå Ungdommens fylkesutval. Dei fleste er signert med namna til dei som arbeidar med det særskilte området. Vanleg tidlegare har vore at alle brev vert signert av leiar i utvalet. Det er ønskjeleg at brev vert sendt frå Hordaland fylkeskommune sitt saks- og arkivsystem slik at alt vert registrert og vert sendt i rett mal.

## **Vedtak**

*Studietur Erasmus+:* Ungdommens fylkesutval vedtok å oppretthalde diskusjonen rundt saka og er orientert om eit ønskje om at leiar og nestleiar i dei tre råda før sommaren.

*Middag i samband med Grunnlovsjubileumet:* Ungdommens fylkesutval vedtok at overnatting i samband med middagen skal skje privat hos utvalets medlemar.

*Elev- og lærlingombod:* Ungdommens fylkesutval vedtok at dei som er ansvarleg for Opplæring og helse tek kontakt med Elevorganisasjonen for å sjå korleis ein kan jobbe vidare med denne saka. Administrasjonen tek kontakt med opplæringsavdelinga for å sjå korleis ein konkret skal kartlegge saka og kva tidsperspektiv avdelinga har på oppgåva.

*Nettverkssamling 2014:* Ungdommens fylkesutval vedtek å halde nettverkssamlinga på Quality Hotel Edvard Grieg 25.-26. oktober 2014.

*T-skjortar til Ungdommens fylkesutval:* Ungdommens fylkesutval vedtok å få eit forslag til trykk på ryggen frå kommunikasjonsavdelinga. Angående t-skjortar står det mellom ein pique-skjorte eller ein vanleg t-skjorte.

*Brev frå Ungdommens fylkesutval:* Ungdommens fylkesutval vedtok at alle brev frå Ungdommens fylkesutval vert sendt frå saks- og arkivsystemet til Hordaland fylkeskommune, og dei må derfor sendast til administrasjonen slik at dei kan sende dei vidare. Så lenge breva er spesifikke innafor eit område eller vert sendt til politiske utval, avdelingar eller andre som det er naturleg at dei som jobbar med dei ulike områda har kontakt med, skriv dei sjølv under breva, slik at ein kan oppretthalde ein personleg relasjon. I viktige sakar, som gjerne går på tvers av, over eller på sida av områdene, vil leiar skrive under.